

Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Sveio kommune

Høyringsutkast per 25. mars 2024.

§ 1. Lovheimel

Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Sveio kommune er heimla i LOV-2023-06-09-30; Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2.

§ 2. Føremål

Denne forskrifta regulerer kva som skal vera det skriftlege hovudmålet ved kvar skule i Sveio kommune. Som det går fram av opplæringslova § 15-2, skal skulane nytta hovudmålet i den skriftlege opplæringa og den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

Denne forskrifta regulerer ikkje den munnlege opplæringa, jamfør opplæringslova § 15-1. I den munnlege opplæringa avgjer elevane og lærarane sjølve kva for talemål dei vil bruka.

§ 3. Skriftleg opplæringsspråk ved Auklandshamn skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Auklandshamn skule skal vera nynorsk.

§ 4. Skriftleg opplæringsspråk ved Førde skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Førde skule skal vera nynorsk.

§ 5. Skriftleg opplæringsspråk ved Sveio skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Sveio skule skal vera nynorsk.

§ 6. Skriftleg opplæringsspråk ved Valestrand oppvekstsenter avdeling skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Valestrand oppvekstsenter avdeling skule skal vera nynorsk.

§ 7. Skriftleg opplæringsspråk ved Vikse skule

Skriftleg opplæringsspråk ved Vikse skule skal vera nynorsk.

§ 8. Skriftleg opplæringsspråk ved Sveio vaksenopplæring

Skriftleg opplæringsspråk ved Sveio vaksenopplæring skal vera bokmål. Kommunen si plikt til å gje opplæring i norsk og samfunnsfag etter LOV-2020-11-06-127; Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) går fram av §§ 30 og 31 i lova.

§ 9. Iverksetjing

Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Sveio kommune gjeld frå 1. august 2024.